DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 17 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Justis- og beredskapsdepartementet

Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2026.

2 Forslag om endringar

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

Post 71 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Løyvinga dekker Noreg sine tilskot og kontingentar til internasjonale organisasjonar og samarbeid på saksområda til Justis- og beredskapsdepartementet.

På grunn av endringar i valutakursen og reduksjon i bidraget til det europeiske byrået for nettverks- og informasjonstryggleik, ENISA, foreslår departementet å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Post 73 Tilskot til Noregs forskingsråd, kan overførast

Løyvinga dekker overføringar til Noregs forskingsråd, som er eit forvaltningsorgan underlagt Kunnskapsdepartementet.

Posten blir budsjettert med ei årleg løyving og ei tilsegnsramme, med tilhøyrande tilsegnsfull makt. Som følgje av oppdaterte anslag for utbetalingar i 2027 blir det foreslått å redusere løyvinga med 20 mill. kroner, til 73,4 mill. kroner. Det blir samstundes foreslått å auke tilsegnsfullmakta med 20 mill. kroner, til 328,2 mill. kroner, jf. forslag til vedtak. Justeringane av tilsegnsfullmakt og løyving blir gjort på grunn av forseinkingar i utbetalingar til finansierte prosjekt. Sjå elles meir omtale av endringar i løyvingsbehovet til Noregs forskingsråd under Kunnskapsdepartementet.

Kap. 3410 Domstolane

Post 01 Rettsgebyr

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med sivile saker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

Talet på saker har auka dei siste åra og det er venta ein ytterlegare auke i inntektene i 2026. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 2,9 mill. kroner.

Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsforteneste til meddommarar, enkelte sakkunnige, vitne med meir, og reiseutgifter knytte til desse. Løyvinga dekkjer òg utgifter til tolking i sivile saker.

Talet på saker har halde seg relativt stabilt det siste året, men gjennomsnittsutgifta per sak har auka. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 2,2 mill. kroner.

Kap. 430 Kriminalomsorga

Post 01 Driftsutgifter

Departementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3430, post 03 og 04.

Meirutgifter i kriminalomsorga

Kriminalomsorga har over tid hatt ei krevjande økonomisk utvikling som følgje av meir ressurskrevjande oppgåver og auka utgifter til mellom anna forvaringskapasitet og tilbod til særleg sårbare grupper. I 2026 har situasjonen vore særleg utfordrande som følgje av redusert fengselskapasitet, samstundes som aktivitetsnivået har vore om lag uendra. Stenginga av Oslo fengsel av omsyn til helse, miljø og tryggleik har ført til at kriminalomsorga har måtta utnytte kapasiteten meir intensivt, og situasjonen har ført til auka kostnader. Dette kjem i tillegg til ein aldrande bygningsmasse, med auka behov for vedlikehald. Samstundes er ein stor del av budsjettet bunde opp i faste driftsutgifter (løn, husleige, m.m.), noko som avgrensar handlingsrommet til å handtere dei særskilde og upårekna meirutgiftene innanfor gjeldande rammer. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 70 mill. kroner.

Kriminalomsorga har sett i verk tiltak, men det er venta at kriminalomsorga vil ha eit meirbehov også i 2027, og regjeringa vil derfor ved behov komme tilbake med forslag om nødvendig justering av budsjettet til kriminalomsorga i samband med revidert nasjonalbudsjett 2027. Stortinget har bede om ein heilskapleg gjennomgang av kriminalomsorga. Regjeringa vil setje i gang eit arbeid for å vurdere korleis kriminalomsorga sine samla ressursar kan utnyttast betre. Utgreiinga skal vurdere tiltak for meir kostnadseffektiv drift, og vurdere styringa og organiseringa, mellom anna om dagens forvaltningsnivå er formålstenlege.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 430, post 01 med 70 mill. kroner, og å redusere løyvinga på kap. 433, post 01 med 5 mill. kroner for å dekke deler av meirbehovet. Sjå nærmare omtale under kap. 433, post 01.

Reduserte inntekter frå tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 430, post 01 med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 3430, post 04. Sjå nærmare omtale under kap. 3430, post 04.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 430, post 01 med 62 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under kap. 430, post 01

Auka driftsutgifter til arbeidsdrifta

Det har vore auka utgifter knytt til butikkdrifta. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 430, post 21 med 18 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 3430, post 02.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Flytting av meirverdiavgift for brukarutstyrsprosjekt for Ilseng fengsel

Det er avdekka at løyvinga til Ilseng brukarutstyrsprosjekt frå 2026 omfattar midlar til meirverdiavgift (5 mill. kroner), som iht. regelverket for nettoføringsordninga vil bli belasta kap. 1633, post 01. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 430, post 45 med 5 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1633, post 01.

Forseinking i prosjekt for utviding av kapasitet ved ungdomseining

Det blei i 2024 og 2025 løyvd midlar til auka kapasitet ved Ungdomseining aust (Eidsvoll) og Ungdomseining sørvest (Evje). Plassane på Evje vil stå klare i 2026, men utvidinga ved Eidsvoll er forseinka, mellom anna som følgje av at tomta ligg i ei erosjonssone. Det ventast derfor eit mindreforbruk inneverande år på 30 mill. kroner. I påvente av nødvendige reguleringsprosessar, og fram til prosjektet er klart for byggjestart, foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 430, post 45 med 30 mill. kroner for 2026.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 430, post 45 med 35 mill. kroner.

Kap. 3430 Kriminalomsorga

Post 02 Inntekter frå arbeidsdrifta

Posten omfattar inntekter frå sal av produksjonen frå arbeidsdrifta. Inntektene frå arbeidsdrifta har auka i 2026, tilsvarande utgiftene. Det blir foreslått å auke løyvinga med 18 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke under kap. 430, post 21. Sjå nærmare omtale under kap. 430, post 21.

Post 04 Tilskot

Inntektene på posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid under EØS-finansieringsmekanismane. Posten omfattar òg inntekter frå prosjekt som kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Inntektene frå posten kan variere mykje frå år til år. I 2026 er det venta mindreinntekter på 8 mill. kroner. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 430, post 01.

Kap. 433 Konfliktrådet

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa forslår å redusere posten med 5 mill. kroner for å dekkje delar av meirkostnadene på kap. 430, post 01. Mindreforbruket på posten skyldast i hovudsak forseinka tilsetjingar og vakansar i tillegg til høgare sjukepengerefusjonar enn lagt til grunn i budsjettet.

Løyvinga blir foreslått auka med 50 000 kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 433, post 70.

Samla blir det foreslått å redusere posten med 4,95 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til kommunar

Løyvinga skal gå til tilskotsordninga for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) og til tilskotsordninga for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme.

Det er eit mindreforbruk på posten, som kjem av at det har vore få søkjarar til tilskotsordninga. Det foreslås derfor å redusere posten med 6,2 mill. kroner.

Post 70 Tilskot, kan overførast

Løyvinga skal mellom anna gå til tilskot til arbeid med førebygging av vald i nære relasjonar, tilskot til førebygging av kriminalitet og tilskot til tiltak mot menneskehandel og prostitusjon. Løyvinga skal òg gå til tilskot til nasjonalt senter for innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme, og Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS).

Det foreslås å redusere løyvinga med 50 000 kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 433, post 01.

Det eit mindreforbruk på posten som kjem av at delar av tilskotsmidlane ikkje er utbetalte som følgje av klagebehandling. Det blir derfor foreslått at posten blir tilført stikkordet *kan overførast*.

Kap. 3433 Konfliktrådet

Post 02 Refusjonar

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekkje utgiftene Konfliktrådet har i samband med kurs og konferansar. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 49 000 kroner på grunn av høgare refusjonar enn det som blei lagt til grunn i saldert budsjett.

Kap. 440 Politiet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 443, post 01

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i politidistrikta, dei lokale einingane til Politiets tryggingsteneste (PST) i politidistrikta og politiet sine eigne særorgan, med unntak av Politihøgskolen og PST sentralt, som får løyvingane sine over høvesvis kap. 442 og kap. 444. Utgifter til påtalemakta i politiet blir budsjetterte på kap. 443, post 01. Justis- og beredskapsdepartementet har i 2026 fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 440, post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3440, post 02, post 03 og post 04.

Utgifter til H.M. Kongens gravferd

Som følgje av H.M. Kongens gravferd, har det vore ei auke i utgifter i politiet. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 440, post 01 med 110,7 mill. kroner. Sjå òg omtale i omgrupperingsproposisjonen under Utanriksdepartementet for 2026.

Fleire produserte pass

Som følgje av økt etterspurnad etter pass og ID-kort er det i år produsert fleire ID-dokument enn planlagt. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 8 mill. kroner som følgje av auka utgifter i politiet, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

Flytting av midlar – påtalemakta i politiet

Det er behov for å flytte ein del av midlane frå kap. 440 til kap. 443, som følgje av auka aktivitet i påtalemakta. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 440, post 01 med 25 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 443, post 01.

Lågare aktivitet i politiinnsats utført for organisasjonar, lag, offentlege etatar m.m.

Som følgje av lågare aktivitet i politiinnsats som er utført for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar, er det venta reduserte refusjonar i 2026. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 50 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 3440, post 02.

Færre oppdrag i samband med vakthald m.m.

Som følgje av færre oppdrag i samband med vakthald på festivalar, konsertar, fotballkampar osv. er det venta reduserte refusjonar. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 20 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 3440, post 03.

Deltaking i internasjonale operasjonar

I revidert nasjonalbudsjett 2026 er løyvinga under kap. 3440, post 02 redusert med 50 mill. kroner. Tidlegare år har politiet fått refundert utgiftene frå Utanriksdepartementet, mens frå 2026 får politiet løyvinga frå Utanriksdepartementet på kap. 151 for å delta på i internasjonale operasjonar. Det er og forventa lågare utgifter som følgje endringa. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 50 mill. kroner.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01 med 26,3 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter – forsking og utvikling, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til å støtte oppgåveløysing i politiet gjennom å finansiere forsking som bidrar til ny kunnskap som er relevant for oppgåveløysinga og samfunnsoppdraget til politiet.

Det foreslås at posten blir tilført stikkordet «kan overførast».

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2026 foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 14 mill. kroner mot tilsvarande auke i samband med revidert nasjonalbudsjett 2027.

Post 22 Søk etter personar ein antek har omkomme, kan overførast

Løyvinga under denne posten skal dekke kostnader knytte til søk etter personar som ein går ut frå har omkomme. Posten dekker òg nokre personellutgifter og ev. utgifter til å betre søkemetodane.

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2026 foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 4 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i samband med sivile gjeremål

Løyvinga på posten skal dekke sideutgifter i samband med sivile gjeremål.

På bakgrunn av oppdaterte rekneskapstal og prognosar for sideutgifter er det forventa eit meirforbruk på posten. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 8 mill. kroner.

Post 25 Variable utgifter ved innkomst, mottak og retur i utlendingsforvaltninga til politiet

Løyvinga under denne posten skal dekke ein del variable utgiftene til innkomst og mottak i utlendingsforvaltninga til politiet, bl.a. tolking og forpleiing. På bakgrunn av oppdaterte rekneskapstal og prognosar for innkomst og endra periodisering i EUs pakt for migrasjon og asyl er det venta eit mindreforbruk på posten. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 40 mill. kroner, mot ein auke med 9 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett 2027.

Post 48 Tildeling frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar, kan overførast

Løyvinga på posten dekker løyvingane til nasjonale prosjekt under EUs grense- og visumfinansieringsordning (BMVI).

Det er venta forskyving av kostnader til neste år for fleire av prosjekta i 2026.

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2026 foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 69,8 mill. kroner mot tilsvarande auke i revidert nasjonalbudsjett 2027.

Post 73 Internasjonale forpliktingar, m.m., kan overførast

Løyvinga på posten dekker utgifter i samband med internasjonale forpliktingar, medrekna bl.a. utbetalingar til EUs grense- og visumfinansieringsordning (BMVI), Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fridom, tryggleik og rettferd (eu-LISA) og Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex).

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2026 foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 25 mill. kroner.

Kap. 3440 Politiet

Post 01 Gebyr – pass og ID-kort

Jf. omtale under kap. 440, post 01 er det i år venta høgare inntekter knytte til sal av ID-dokumenter som følgje av økt etterspurnad etter pass og ID-kort. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 30 mill. kroner.

Post 02 Refusjonar m.m.

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2026 reknar ein med lågare refusjonar i politiet i 2026. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 50 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

Post 03 Salsinntekter

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2026 reknar ein med lågare salsinntekter i politiet i 2026. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 20 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

Post 05 Gebyr – våpenforvaltning

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2026 er det venta ein auke i inntekter frå gebyr i våpenforvaltninga i 2026. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 9 mill. kroner.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring, arbeidsløyve, utdanningsløyve og permanent oppholdsløyve.

På bakgrunn av forventa saksinngang i 2026 foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 6 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjeremål

Løyvinga på posten dekker gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, det vil seie gebyr frå tvangsforretningar og forliksrådsbehandling.

Det er forventa lågare gebyrinntekter som følgje av avslutting av restanseprosjekt, nytt saksbehandlingssystem og omorganiseringsprosessar som fører til redusert produksjon.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 40 mill. kroner.

Post 08 Refusjonar frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar

Posten dekker refusjonar frå EU sine grense- og visumfinansieringsordningar. Refusjonane på posten er baserte på det rekneskapsførte forbruket i prosjekta som har fått løyving over kap. 440, post 48. I 2026 får Noreg refusjonar frå EU for prosjekt knytte til Det indre tryggleiksfondet (ISF-fondet).

Forseinkingar i prosjektplanar fører til at refusjonsutbetalingane er lågare enn venta. Derfor foreslår departementet å redusere løyvinga med 83,4 mill. kroner.

Kap. 443 Påtalemakta i politiet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 440, post 01

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til påtalemakta i politiet.

Det blir vist til omtale under kap. 440, post 01. Det er behov for å flytte ein del av midlane frå kap. 440 til kap. 443, grunna auka aktivitet i påtalemakta. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 443 med 25 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

Kap. 444 Politiets tryggingsteneste (PST)

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til PST. Justis- og beredskapsdepartementet har i 2026 fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 444, post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3444, post 02.

Utgifter til H.M. Kongens gravferd

Som følgje av H.M. Kongens gravferd, har det vore ei auke i utgifter i Politiets tryggingsteneste. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 444, post 01 med 12,8 mill. kroner. Sjå òg omtale i omgrupperingsproposisjonen under Utanriksdepartementet for 2026.

Høgt aktivitetsnivå i PST

Aktivitetsnivået i PST har vore høgt også i 2026, noko som heng saman med den tryggingspolitiske situasjonen og trusselnivået.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Flytting av midlar – investering i PST

Det er behov for å flytte midlar frå kap. 444, post 45 til kap. 444, post 01, som følgje av investering. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 444, post 01 med 17 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 444, post 45.

Lågere aktivitet for enkeltoppdrag

På posten blir det ført rekneskap over inntekter som PST får refundert for enkeltoppdrag, og særskilt bistand frå Utanriksdepartementet. Som følgje av lågare aktivitet, er det venta reduserte refusjonar i 2026. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 10 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 3444, post 02.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 444, post 01 med 29,8 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald i PST. Det blir vist til omtale under kap. 444, post 01. Det er behov for å flytte midlar frå kap. 444, post 45 til kap. 444, post 01 grunna investering i PST. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 444, post 45 med 17 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 444, post 01.

Kap. 3444 Politiets tryggingsteneste (PST)

Post 02 Refusjonar

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2026 reknar ein med lågare refusjonar i PST i 2026. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 10 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 444, post 01.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Post 01 Driftsutgifter

Kontingent for deltaking i EUs ordning for sivil beredskap

Løyvinga skal mellom anna dekke den årlege kontingenten for at Noreg skal delta i EU si ordning for sivil beredskap (UCPM). På grunn av økt bistand til Ukraina og auking i mengde skogbrannar og ekstremvær er kontingenten blitt auka.

Departementet foreslår å auke løyvinga under posten med 15,2 mill. kronar.

Brannskolen

Løyvinga skal mellom anna dekke utgifter som DSB får refundert frå andre verksemder, inkl. administrative tenester til Valgdirektoratet, som er samlokalisert med DSB, og variable overføringar og tilskot frå EU og EØS. Inntekter for refusjonar på kap. 3451, post 06 forventast å bli om lag 29 mill. kronar i 2026.

Departementet foreslår å auke løyvinga under posten med 10 mill. kronar mot ei tilsvarande auking på kap. 3451, post 06.

Sivilforsvaret

I samanheng med auking av talet på tenestepliktige i Sivilforsvaret skal DSB gjennomføre investeringar i personleg utrusting.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga under posten med 12,7 mill. kronar mot ei tilsvarande auking på kap. 451, post 45.

Flytting av midlar

Departementet foreslår i samband med eit gradert prosjekt for regjeringas lokasjonar å redusere løyvinga med 6,5 mill. kroner, mot ei tilsvarande auking av løyvinga på kap. 451, post 45.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 451, post 01 med 6 mill. kroner

Post 21 Særskilde driftsutgifter

DSB administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Løyvinga på posten dekker utgiftene til flytimar og ekstra beredskap. Faste utgifter i denne beredskapen inngår som ein del av løyvinga under kap. 451, post 01. Løyvinga kan dekke utgifter til flytimar og ekstra beredskap ved ekstraordinære hendingar som har medført eller kan medføre tap av liv eller skade på helse, kritiske samfunnsfunksjonar eller kritisk infrastruktur, når nasjonale helikopterressursar ikkje strekkjer til. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med ekstraordinære oppdrag gjennom EUs ordning for sivil beredskap (UCPM). Vidare dekker posten forskingsaktivitetar som er avtalte mellom DSB og RISE Fire Research AS.

Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride posten med inntil 40 mill. kronar, dersom det oppstår ei situasjon med uvanleg mye skogbrann. I 2026 har det vært mye brann, som medførte at overskridingsfullmakta blei nytta i august. DSB ble også oppmoda til å bidra i handteringa av omfattande skogbrannslukking i Belgia. Bistanden til Belgia reknast som humanitær bistand og blir dekt over Utanriksdepartementets budsjett.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 19,2 mill. kronar mot ein reduksjon på 4 mill. kronar under Utanriksdepartementets kap. 150, post 70.

Post 22 Særskilde driftsutgifter – Nødnett, kan overførast

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald og mindre utgifter til utvikling og investering i Nødnett og tilhøyrande tenester. DSB anslår at driftsutgiftene relatert til nødnett-anskaffingar på vegne av brukarane vil bli 20 mill. kronar meir enn budsjettert.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 20 mill. kronar mot ei tilsvarande auking på kap. 3451, post 05.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker utgiftene for større investeringar i Nødnett og for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet på vegner av brukarane. Utgifter på vegne av brukarane blir dekte inn av refusjonar på kap. 3451, post 04. Vidare dekker løyvinga utgifter til større utstyrsanskaffingar til Sivilforsvaret.

Utstyrsanskaffingar til Sivilforsvaret

Departementet foreslår å auke løyvinga under posten med 12,7 mill. kronar mot ei tilsvarande reduksjon på kap. 451, post 01.

Flytting av midlar

Departementet foreslår i samband med eit gradert prosjekt for regjeringas lokasjonar å auke løyvinga med 6,5 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 451, post 01.

Oppsummering

Samla blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 451, post 45 med 19,2 mill. kroner.

Kap. 3451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Post 05 Abonnementsinntekter og refusjonar Nødnett

Løyvinga omfattar inntektene DSB får frå abonnementsordninga i Nødnett. Vidare dekker løyvinga refusjonar for tenester og produkt som kundar av Nødnett har skaffa seg utover abonnementsordninga. DSB anslår at driftsutgiftene relatert til nødnett-anskaffingar på vegne av brukarane vil bli 20 mill. kronar meir enn budsjettert.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 20 mill. kronar. Mot ei tilsvarande auking på kap. 451, post 22.

Post 06 Refusjonar

Løyvinga på posten består av variable inntekter og refusjonar frå andre verksemder, irekna refusjonar for administrative tenester til Valgdirektoratet, som er samlokalisert med DSB, og variable overføringar og tilskot frå EU og EØS. Inntekter for refusjonar på posten forventast å bli om lag 29 mill. kronar i 2026.

Departementet foreslår å auke løyvinga under posten med 10 mill. kronar mot ei tilsvarande auking på kap. 451, post 01.

Kap. 454 Redningshelikoptertenesta

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter. På grunn av reduserte valutautgifter og dagbøter ved fråvik frå kontraktfesta leveransar foreslås det å redusere løyvinga på posten med til saman 34,1 mill. kronar.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekker investeringar i samband med kjøp av nye redningshelikopter og bygging av ein ny redningshelikopterbase i Bodø som følge av at Bodø Lufthamn skal flyttast. Løyvinga på posten omfattar òg utgifter til kjøp av to nye redningshelikopter og til etablering av naudsynt bygningsmasse i samband med at Forsvaret skal overta som operatør av redningshelikopterbasen i Tromsø.

Redningshelikopterprosjektet

Prosjektet for kjøp av 16 nye redningshelikopter er i avsluttande fase. Grunna forseinkingar i sentrale milepålar blir forventa utgifter i 2026 forskyvde til 2027, vidare blir også utgifter knyta til eigendom, bygg og anlegg, kommunikasjonsutstyr og oppgradering og IKT flytta til 2027. Forseinkingane fører til at kostnadene til prosjektet i 2026 blir lågare enn venta.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 289,7 mill. kronar.

Ny redningshelikopterbase som følge av flyttinga av Bodø lufthamn

På grunn av forseinkingar i prosjektet vil byggjestart for basen starte seinare enn forventa. Byggjekostnadar til basen forskyvast derfor frå 2026 til 2027.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 250 mill. kronar.

Bygging av ny redningshelikopterbase i Tromsø

På grunn av forskyving av kostnadar frå 2026 til 2027 og 2028 blir utgiftene på posten lågare enn forventa. Dette gjelder blant anna utgifter knytte til trening, opplæring og driftsstøtte.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 51,5 mill. kronar.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 454, post 45 med 591,2 mill. kronar.

Kap. 457 Nasjonalt tryggingsorgan

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for NSM.

Nasjonal Sky

I samanheng med behandlinga av Innst. 6 S (2025–2026) jf. Prop. 1 S (2025–2026) har stortinget vedtatt å auke løyvinga under kap. 457, post 01 med 30 mill. kronar til gjennomføringa av forprosjekt nasjonal sky. Prosjektet skal gå over to år.

Departementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 457, post 01 med 20 mill. kronar mot ei tilsvarande auking av løyvinga under kap. 457, post 45.

Varslingssystem for digital infrastruktur (VDI)

Som følgje av avtalen mellom Forsvaret og NSM om varslingssystem for digital infrastruktur (VDI) vil utgiftene for NSM auke med 19,3 mill. kronar, med tilsvarande auka inntekter under kap. 3457, post 01.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 19,3 mill. kronar, mot ei tilsvarande auking under kap. 3457, post 01.

Kryptografiløysingar og NSMs kurssenter

I 2025 utløp avtale mellom Forsvaret og NSM og om kryptografi og utvikling av IT-løysningar for bruk i forsvaret. Vidare er det forventa lågare inntekter knytte til varslingssystem for digital infrastruktur og NSMs kurssenter i 2026 enn forutsett.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 12 mill. kronar mot ei tilsvarande reduksjon under kap. 3457, post 01.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 457, post 01 med 12,7 mill. kronar.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, medrekna Kap. 3457 Nasjonalt tryggingsorgan bl.a. teknisk utstyr til varslingssystemet for digital infrastruktur (VDI).

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 20 mill. kronar mot ei tilsvarande reduksjon under kap. 457, post 01.

Kap. 3457 Nasjonalt tryggingsorgan

Post 01 Inntekter

Inntektene til Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er i hovudsak samansett av medlemsavgifter frå næringslivet til varslingssystemet for digital infrastruktur (VDI), kurs- og konferanseavgifter og brukarbetaling ved tryggleiksgodkjenning av informasjonssystem.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 7,3 mill. kronar i tråd med parallelljusteringar under kap. 457 post 01.

Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.

Post 21 Juridisk bistand

Løyvinga på posten dekker hovudsakleg utgifter til juridisk bistand i straffesaker for personar som har rett til advokatbistand i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, fornærma, eller pårørande og etterlatne etter den fornærma. Posten er regelstyrt.

Avrekning mellom post 21 og post 70

Løyvinga på post 70 vart frå 1. juli 2026 overført til ein ny post 21 av budsjettekniske omsyn. Det er behov for å gjennomføre ei avrekning mellom post 70 og post 21.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 466, post 21 med 1 045,3 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 466, post 70.

Auka saksmengd og gjennomsnittskostnad per sak

Det har vore ein auke i talet på saker, og dei fleste sakene er større og meir kostnadskrevjande enn før.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 466, post 21 med 138,4 mill. kroner.

Oppsummering

Departementet foreslår samla å redusere løyvinga på kap. 466, post 21 med 906,9 mill. kroner.

Post 70 Juridisk bistand

Løyvinga på posten dekker hovudsakleg utgifter til juridisk bistand i straffesaker for personar som har rett til advokatbistand i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, fornærma, eller pårørande og etterlatne etter den fornærma. Posten er regelstyrt.

Løyvinga på post 70 vart frå 1. juli 2026 overført til ein ny post 21 av budsjettekniske omsyn. Det er behov for å gjennomføre ei avrekning mellom post 70 og post 21.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 466, post 21 med 1 045,3 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 466, post 70.

Kap. 470 Fri rettshjelp

Post 21 Juridisk bistand

Løyvinga på posten dekker utgifter til advokat, sakkunnige, meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelpslova og barnelova. I tillegg dekker løyvinga utgifter til advokat eller rettshjelpar i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Posten er regelstyrt.

Avrekning mellom post 21 og post 70

Løyvinga på post 70 vart frå 1. juli 2026 overført til ein ny post 21 av budsjettekniske omsyn. Det er behov for å gjennomføre ei avrekning mellom post 70 og post 21.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 470, post 21 med 246,1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 470, post 70.

Redusert prognose

Det er fleire aktørar som fører utgifter på denne posten, og det er fleire faktorar som påverkar forbruket. Basert på rekneskapen og prognoser for året, kan løyvinga reduserast.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 470, post 21 med 121,2 mill. kroner.

Oppsummering

Departementet foreslår samla å redusere løyvinga på kap. 470, post 21 med 367,3 mill. kroner.

Post 70 Juridisk bistand

Løyvinga på posten dekker utgifter til advokat, sakkunnige, meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelpslova og barnelova. I tillegg dekker løyvinga utgifter til advokat eller rettshjelpar i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Posten er regelstyrt.

Løyvinga på post 70 vart frå 1. juli 2026 overført til ein ny post 21 av budsjettekniske omsyn. Det er behov for å gjennomføre ei avrekning mellom post 70 og post 21.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 470, post 70 med 246,1 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 470, post 21.

Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning

Post 72 Erstatning i anledning av straffeforfølging, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal dekke erstatning i samband med straffeforfølging etter straffeprosesslova kap. 31 og ved dekking av sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438.

Det er knytt stor uvisse til utbetalingane over posten, då både tidspunktet for avgjerd i sakene og storleiken på erstatningsutbetalingane kan variere betydeleg. Basert på rekneskapen og prognoser for året, må løyvinga aukast med 50 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 471, post 72 med 50 mill. kroner.

Post 73 Stortingets rettferdsvederlagsordning

Posten dekker utbetalingar av rettferdsvederlag. Rettferdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning der enkeltpersonar som har komme særleg uheldig ut i møte med det offentlege i forhold til andre på same tid, kan søke om kompensasjon etter skjønn.

Alle medlemmene i Utvalet for rettferdsvederlag vart nyoppnemnde frå januar 2026. I opplæringsfasen har det nye utvalet hatt redusert kapasitet, og har derfor ikkje kunna behandle like mange saker som eit fullt operativt utval normalt gjer.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 471, post 73 med 6,3 mill. kroner.

Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

Post 70 Erstatning til valdsofre, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal dekke erstatning i saker etter valdserstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt.

Kontoret for valdsoffererstatning har sett i verk tiltak for å byggje ned restansane. Samstundes har gjennomsnittleg utbetaling per sak auka. Basert på rekneskapen og prognoser for året, må løyvinga aukast med 50 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 473, post 70 med 50 mill. kroner.

Kap. 475 Bubehandling

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker statens ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten) ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73.

Det har vore ein auke i gjennomsnittsutgifta per sak, som fører til at utgiftene på posten aukar også.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 475, post 01 med 12,5 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til den særskilde garantiordninga til Justis- og beredskapsdepartementet.

Dei siste åra har utbetalingane på posten auka. Dette blir antatt å ha samanheng med at talet på konkursar òg har auka. Basert på rekneskapen og prognoser for året, må løyvinga aukast med 4,9 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 475, post 21 med 4,9 mill. kroner.

Kap. 480 Svalbardbudsjettet m.m.

Post 50 Tilskot

Auke i skatteinntekter

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 70,0 mill. kroner, som ei følgje av høgare rekna skatteinntekter for 2026. På svalbardbudsjettet blir endringa foreslått som ein auke på kap. 3030, post 70 Skatter m.m.

Stikkord kan overførast

Regjeringa foreslår at svalbardbudsjettet kap. 0007 *Tilfeldige utgifter*, post 70 *Diverse tilskot* får tilført stikkordet «kan overførast». Midla er øyremerka opprydding av kolkraftverket i Longyearbyen. Oppryddinga har fått endra periodisering etter ein anbodskonkurranse.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av Utlendingsdirektoratet (UDI). Det inkluderer lønn til tilsette, IT-system, utstyr og anskaffingar, med unntak av større investeringar og mottak for asylsøkarar.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 277 000 kroner pga. auka refusjonar, jf. omtale under kap. 3490, post 05.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av mottak for asylsøkarar.

Redusert prognose for asylsøkarar

Det er eit mindrebehov til innkvartering av asylsøkarar, som i all hovudsak kjem av ein lågare prognose på talet på asylsøkarar og dermed færre bebuarar i mottak enn det som vart lagt til grunn i budsjettet. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 135,2 mill. kroner.

EUs pakt for migrasjon og asyl – screening

Det er behov for å omdisponere midlar til implementeringa av EUs pakt for migrasjon og asyl i 2026, som følgje av lågare behov til bemanning og auka behov til bygningsmessige tilpassingar. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på post 21 med 1,6 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 490, post 30.

Oppsummering

Departementet foreslår å redusere løyvinga med til saman 136,8 mill. kroner.

Post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetjing

Løyvinga på posten dekker utgiftene UDI har i samband med tolking og omsetjing under behandlinga av asylsaker. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikring av intervju og omsetjingar.

Det er no eit mindreforbruk på posten, som i hovudsak kjem av ein reduksjon i prognose for innkomstar, asylsaksbehandling og tolkeutgifter.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 700 000 kroner.

Post 30 Ombyggingar, innkomstsenter for asylregistrering og mottak, kan overførast

Løyvinga på posten dekker utgifter til ombygging av Nasjonalt ankomstsenter i Råde i Østfold, som ein del av implementeringa av EUs pakt for migrasjon og asyl i forbindelse med etablering av ny screeningforordning.

Det er behov for å omdisponere midlar til implementeringa av EUs pakt for migrasjon og asyl i 2026, jf. omtale under kap. 490, post 21. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 1,6 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon i løyvinga på kap. 490, post 21.

Post 60 Tilskot til vertskommunar for asylmottak

Vertskommunetilskotet skal dekke gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak og omsorgssenter i kommunane.

Løyvingsbehovet er mindre enn venta i hovudsak på grunn av at det er færre plassar i asylmottak enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 30,2 mill. kroner.

Post 70 Stønadar til bebuarar i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til faste økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølve, samt eventuelle andre nødvendige ytingar.

Løyvingsbehovet er mindre enn venta som følgje av at det er færre bebuarar i mottak enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 85,6 mill. kroner.

Post 72 Assistert retur og reintegrering i heimlandet, kan overførast

Løyvinga på posten skal bidra til at personar som har fått endeleg avslag på søknaden om vern, og andre personar som ikkje har lovleg opphald i Noreg, returnerer til heimlandet. Løyvinga skal òg legge til rette for at flyktningar kan vende til-

bake til heimlandet. Posten finansierer stønadsordningar og tilskotsordningar som kan nyttast til informasjons- og motivasjonsarbeid for assisterte returar eller tilbakevendingar frå Noreg.

Det er venta eit mindrebehov på posten som følgje av at prognosen for assisterte returar er redusert frå 500 til 220. Det har vore færre assisterte returar i 2026 som følgje av at færre syrarar og ukrainarar enn forventa har returnert. Prognosen for tilbakevending er satt opp frå 2 000 utreiser til 2 200 utreiser, på bakgrunn av talet på utreiser så langt i år.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,6 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og ev. reiser i samband med anna byrdedeling. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar.

Løyvinga på posten reduserast som følgje av lågare faktura frå Norsk Folkehjelp for assistanse og mat ved Gardermoen enn forventa, samt endringar i valutakurs.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,9 mill. kroner.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

Post 01 Assistert retur frå Noreg for asylsøkarar med avslag, ODA-godkjende utgifter

Utgifter til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende tilbake til heimlandet kan godkjennast som utviklingshjelp i tråd med retningslinjene til OECD. Inntektsanslaget knyter seg til ODA-godkjente utgifter som er ført på kap. 490, post 01 og post 72.

Inntektsanslaget er redusert som følgje av redusert prognose for assisterte returar og tilhøyrande redusert løyvingsbehov på post 72. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 3,7 mill. kroner.

Post 03 Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet, ODA-godkjende utgifter

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Inntektsanslaget knyter seg til utgifter over kap. 490, post 01 og 75.

Som følgje av endringar på kap. 490, post 75 og justeringar i berekningsgrunnlaget på kap. 490, post 01 foreslår departementet å redusere løyvinga med 822 000 kroner.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjende utgifter

Visse innanlandske utgifter til innkvartering av asylsøkarar og flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Inntektsanslaget knyter seg til utgifter over kap. 490, post 21, 60, 70 og 71.

Inntektsanslaget er redusert pga. eit mindre behov for mottaksplassar. Reduksjonen kjem av underliggjande endringar i berekningsgrunnlaget som er beskrivne i kap. 490, post 21, 60 og 70.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 536,4 mill. kroner.

Post 05 Refusjonsinntekter

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Inntektsanslaget aukar med 0,3 mill. kroner pga. høgare refusjonar frå European Union Agency for Asylum (EUAA) og EØS finansieringsordninga (EEA Grants og Norway Grants (2021–2028)). Meirinntekta knyter seg til ressursbruk i UDI, og det blir derfor foreslått ein tilsvarande auke på kap. 490, post 01.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 277 000 kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 490, post 01.

07 Tolk og omsetjing, ODA-godkjende utgifter

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Som følgje av justeringar i berekningsgrunnlaget foreslår departementet å auke løyvinga med 779 000 kroner.

Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i heimlandet, ODA-godkjende utgifter

Utgifter til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til eit tredjeland, samt tiltak som fremjar samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltning i sentrale opphavs- og/eller transittland, og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell

internasjonal bistand i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC.

Inntektsanslaget heng saman med utgifter på kap. 490, post 72 og post 76. Prognosen for tilbakevendingar er høgare enn tidlegare anslått, noko som fører til høgare ODA-godkjende utgifter.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 1,1 mill. kroner.

3 Andre saker

Nytt saksbehandlingssystem i kriminalomsorga

Departementet viser til omtalen i Prop. 96 S (2025–2026) om nytt saksbehandlingssystem i kriminalomsorga. Det er gjennomført ei tilpassa ekstern kvalitetssikring av prosjektet, som tek omsyn til at prosjektet er i gjennomføringsfasen. Prosjektet er framleis planlagt ferdigstilt i løpet av 2028. Ekstern kvalitetssikrar vurderer i sitt oppdaterte kostnadsestimat at totalkostnaden for prosjektet vil auke betydeleg. Kvalitetssikraren har gitt tilrådingar til både Justis- og beredskapsdepartementet og Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) om den vidare styringa og gjennomføringa av prosjektet. Departementa vil følgje opp innhaldet i rapporten i den videre styringsdialogen med KDI.

Endra periodisering av utbetaling av tilskot til energistøtte i Longyearbyen

Regjeringa legg i budsjettet for 2027 opp til å løyve tilskot til energistøtte i Longyearbyen, jf. kap. 0008 post 70. Løyvinga er øyremerka Svalbard Energi AS (SEAS) og skal nyttast til å senke energiprisane for kundar i Longyearbyen samt til handtering av SEAS sine kapitalkostnadar i samband med oppgraderinga av energiforsyninga i Longyearbyen. For privatpersonar og frivillige organisasjonar skal løyvinga leggje til rette for ein Svalbardpris som er som følgjer: 1,26 kr/kWt for straum og 0,63 kr/kWt for fjernvarme. Resterande del av tilskotet skal telje mot dei samla kostnadane i SEAS, slik at venta gjennomsnittspris for straum til andre kundar, og fjernvarme til alle kundar, blir redusert prosentvis likt.

Diesel er ein stor drivar for kostnadane for SEAS sin produksjon av straum og fjermvarme, og kostnadane kan variere mykje. Regjeringa jobbar med å sjå på løysingar for energistønaden til selskapet som gjer at SEAS vil kunne levere straum i tråd med Svalbardpris òg i dei tilfella kostnadane til energiproduksjon aukar vesentleg. Regjeringa vil kome attende til dette i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2027.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Justis- og beredskapsdepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Justis- og beredskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Justis- og beredskapsdepartementet

I

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justis- og beredskapsdepartementet:	
	71	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med	1 000 000
		frå kr 22 818 000 til kr 21 818 000	
	73	Tilskot til Noregs forskingsråd, *kan overførast*, blir redusert med	20 000 000
		frå kr 93 417 000 til kr 73 417 000	
414		Forliksråd og andre domsutgifter:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	2 150 000
		frå kr 406 436 000 til kr 408 586 000	
430		Kriminalomsorga:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	62 000 000
		frå kr 6 674 065 000 til kr 6 736 065 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under kap. 430, post 01*, blir auka med	18 000 000
		frå kr 130 500 000 til kr 148 500 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir redusert med	35 000 000
		frå kr 58 684 000 til kr 23 684 000	
433		Konfliktrådet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	4 950 000
		frå kr 219 579 000 til kr 214 629 000	
	60	Tilskot til kommunar, blir redusert med	6 200 000
		frå kr 34 820 000 til kr 28 620 000	
	70	Tilskot, *kan overførast*, blir redusert med	50 000
		frå kr 64 154 000 til kr 64 104 000	
440		Politiet:	
	01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 443, post 01*, blir redusert med	26 300 000
		frå kr 25 965 804 000 til kr 25 939 504 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	21	Særskilde driftsutgifter – forsking og utvikling, *kan overførast*, blir redusert med	14 000 000
		frå kr 19 250 000 til kr 5 250 000	
	22	Søk etter personar en antek har omkomme, *kan overførast*, blir auka med	4 000 000
		frå kr 5 000 000 til kr 9 000 000	
	23	Sideutgifter i samband med sivile gjeremål, blir auka med	8 000 000
		frå kr 30 167 000 til kr 38 167 000	
	25	Variable utgifter ved innkomst, mottak og retur i utlendingsforvaltninga til politiet, blir redusert med	40 000 000
		frå kr 202 120 000 til kr 162 120 000	
	48	Tildeling frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar, *kan overførast*, blir redusert med	69 839 000
		frå kr 224 107 000 til kr 154 268 000	
	73	Internasjonale forpliktingar, m.m., *kan overførast*, blir auka med	25 000 000
		frå kr 872 777 000 til kr 897 777 000	
443		Påtalemakta i politiet:	
	01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 440, post 01*, blir auka med	25 000 000
		frå kr 1 831 843 000 til kr 1 856 843 000	
444		Politiets tryggingsteneste (PST):	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	29 751 000
		frå kr 1 917 333 000 til kr 1 947 084 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir redusert med	17 000 000
		frå kr 82 296 000 til kr 65 296 000	
451		Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	6 040 000
		frå kr 1 700 151 000 til kr 1 706 191 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med	19 200 000
		frå kr 28 458 000 til kr 47 658 000	
	22	Særskilde driftsutgifter – Nødnett, *kan overførast*, blir auka med	20 000 000
		frå kr 624 443 000 til kr 644 443 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir auka med	19 200 000
		frå kr 218 370 000 til kr 237 570 000	
454		Redningshelikoptertenesta:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	34 094 000
		frå kr 1 425 239 000 til kr 1 391 145 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir redusert med	591 243 000
		frå kr 1 639 766 000 til kr 1 048 523 000	
457		Nasjonalt tryggingsorgan:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	12 700 000
		frå kr 587 235 000 til kr 574 535 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir auka med	20 000 000
		frå kr 12 358 000 til kr 32 358 000	
466		Særskilde straffesaksutgifter m.m.:	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med	906 853 000
		frå kr 1 861 534 000 til kr 954 681 000	
(NY)	70	Juridisk bistand, blir løyvd med	1 045 319 000
470		Fri rettshjelp:	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med	367 312 000
		frå kr 921 175 000 til kr 553 863 000	
(NY)	70	Juridisk bistand, blir løyvd med	246 112 000
471		Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning:	
	72	Erstatning i anledning av straffeforfølging, *overslagsløyving*, blir auka med	50 000 000
		frå kr 200 000 000 til kr 250 000 000	
	73	Stortingets rettferdsvederlagsordning, blir redusert med	6 332 000
		frå kr 38 332 000 til kr 32 000 000	
473		Statens sivilrettsforvaltning:	
	70	Erstatning til valdsofre, *overslagsløyving*, blir auka med	50 000 000
		frå kr 610 000 000 til kr 660 000 000	
475		Bubehandling:	
	01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*, blir auka med	12 481 000
		frå kr 189 708 000 til kr 202 189 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*, blir auka med	4 900 000
		frå kr 9 596 000 til kr 14 496 000	
480		Svalbardbudsjettet:	
	50	Tilskot, blir redusert med	70 000 000
		frå kr 643 362 000 til kr 573 362 000	
490		Utlendingsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	277 000
		frå kr 1 453 590 000 til kr 1 453 867 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	21	Særskilde driftsutgifter, asylmottak, blir redusert med	136 803 000
		frå kr 2 763 491 000 til kr 2 626 688 000	
	22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetjing, blir redusert med	700 000
		frå kr 15 641 000 til kr 14 941 000	
	30	Ombygginger, ankomstsenter for asylregistrering og mottak, *kan overførast*, blir auka med	1 596 000
		frå kr 5 000 000 til kr 6 596 000	
	60	Tilskot til vertskommunar for asylmottak, blir redusert med	30 158 000
		frå kr 451 111 000 til kr 420 953 000	
	70	Stønadar til bebuarar i asylmottak, blir redusert med	85 649 000
		frå kr 675 666 000 til kr 590 017 000	
	72	Assistert retur og reintegrering i heimlandet, *kan overførast*, blir redusert med	2 576 000
		frå kr 79 450 000 til kr 76 874 000	
	75	Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet, *kan overførast*, blir redusert med	1 893 000
		frå kr 3 881 000 til kr 1 988 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3410		Domstolane:	
	01	Rettsgebyr, blir auka med	2 927 000
		frå kr 219 073 000 til kr 222 000 000	
3430		Kriminalomsorga:	
	02	Inntekter frå arbeidsdrifta, blir auka med	18 000 000
		frå kr 130 500 000 til kr 148 500 000	
	04	Tilskot, blir redusert med	8 000 000
		frå kr 18 000 000 til kr 10 000 000	
3433		Konfliktrådet:	
	02	Refusjonar, blir auka med	49 000
		frå kr 6 000 til kr 55 000	
3440		Politiet:	
	01	Gebyr – pass og ID-kort, blir auka med	30 000 000
		frå kr 762 662 000 til kr 792 662 000	
	02	Refusjonar m.m., blir redusert med	50 000 000
		frå kr 231 401 000 til kr 181 401 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	03	Salsinntekter, blir redusert med	20 000 000
		frå kr 45 842 000 til kr 25 842 000	
	05	Gebyr – våpenforvaltning, blir auka med	9 000 000
		frå kr 46 702 000 til kr 55 702 000	
	06	Gebyr – utlendingssaker, blir redusert med	5 953 000
		frå kr 360 340 000 til kr 354 387 000	
	07	Gebyr – sivile gjeremål, blir redusert med	40 000 000
		frå kr 620 537 000 til kr 580 537 000	
	08	Refusjonar frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar, blir redusert med	83 362 000
		frå kr 212 584 000 til kr 129 222 000	
3444		Politiets tryggingsteneste (PST):	
	02	Refusjonar, blir redusert med	10 000 000
		frå kr 17 372 000 til kr 7 372 000	
3451		Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap:	
	05	Abonnementsinntekter og refusjonar Nødnett, blir auka med	20 000 000
		frå kr 577 324 000 til kr 597 324 000	
	06	Refusjonar, blir auka med	10 000 000
		frå kr 18 696 000 til kr 28 696 000	
3457		Nasjonalt tryggingsorgan:	
	01	Inntekter, blir auka med	7 300 000
		frå kr 49 205 000 til kr 56 505 000	
3490		Utlendingsdirektoratet:	
	01	Assistert retur frå Noreg for asylsøkarar med avslag, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	3 664 000
		frå kr 11 041 000 til kr 7 377 000	
	03	Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	822 000
		frå kr 5 628 000 til kr 4 806 000	
	04	Asylmottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	536 431 000
		frå kr 2 603 334 000 til kr 2 066 903 000	
	05	Refusjonsinntekter, blir auka med	277 000
		frå kr 1 095 000 til kr 1 372 000	
	07	Tolk og omsetjing, ODA-godkjende utgifter, blir auka med	779 000
		frå kr 13 149 000 til kr 13 928 000	
	08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i heimlandet, ODA-godkjende utgifter, blir auka med	1 058 000
		frå kr 64 689 000 til kr 65 747 000	

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

II

Tilsegnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn utover løyvingane som er gitt på kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet, post 73 Tilskot til Noregs forskingsråd, men slik at den samla ramma for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig 328,2 mill. kroner.

Trykksak
2041 0446

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon